

Årsmelding for Skolemuseumslaget i Rogaland 2020.

Årsmøtet for skolemuseumslaget i 2020 blei halde 24. september på Stavanger Museum. Sju personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2019 blei lesne opp og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Sissel Østrem hadde bedt om fritak. Som nytt medlem blei valt Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland..

Årsmøtet starta med at Hege Stormark orienterte om Skolemuseet.

På grunn av koronasituasjonen blei det i 2020 ikkje arrangert møte med foredrag i samarbeid med Stavanger Museum.

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Fleire nye artiklar er lagt ut. På heimesida ligg nå 9 skolehistoriske årbøker, 35 artiklar, av dei 27 i arkivet) og 10 skoleminne. Statistikken viser at heimesida i 2020 hadde 16011 besøk.

Adressa til heimesida er www.skolehistorie.no.

Skolemuseumslaget hadde i 2020 121 adresser på medlemslista. Dette er 7 færre adresser enn i 2019 (utmeldingar/dødsfall). Laget har fått ein ny medlem. Vi har 57 e-postadresser til medlemmer, av desse er 11 nye. E-post og brev (76 brev) om innbetaling av årskontingenten blei sendt til medlemmene 1. des. 2020. Ved årsskiftet hadde 45 medlemmer betalt. Vi sender ikkje lenger brev til 11 skolar i Sola og 38 skolar i Stavanger. Fordi vi ikkje har e-postadresse til alle medlemmene, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Laget fekk i 2020 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000.- til drift av heimesida.